



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA

## Protokoll

# Studentparlamentsmøte 12.10.2023

**Tid** Torsdag 12.10.23 kl 16.00-19.30  
**Stad** Konferanserommet, Rokken 2. etg.

### Til stades med stemmerett: 9

**AHL** Elisabeth Myrås Olsen, Tuva Bergersen  
**AKF** Severine Riise Eidem (V)  
**AMF** Karsten Quix , Steffen Savland (V)  
**ASH** Amalie Benberg, Desmond Sharukai  
**FRI** Daniel Svindseth Pettersen, Sander Fredrik Jensen

**Meldt forfall:** Vivian Mjelve, Alexander Husby, Sander F. Allman, Åshild Moger

### Til stades utan stemmerett

**AU** Ammy Bolme (leiar), Ronda-Kristine Bekkevoll (info og nestleiar),  
Maher Othman (int.), Veronica Bjørdal Sæternes (velferd)  
**Ordstyrar** Ammy Bolme  
**Referent** Marit Aklestad (organisasjonsrådgjevar)  
**Andre møtande** Student Joachim Selsbakk Hansen

## Saksliste

Sak 01 – 23/24: Konstituering av Studentparlamentet 23-24 og godkjenning av valresultat .....	3
Sak 02 – 23/24: 2.1. Godkjenning av innkallinga .....	4
Sak 02 – 23/24: 2.2. Godkjenning av protokoll frå møte 26.04.23 .....	4
Sak 02 – 22/23: 2.3. Godkjenning av saksliste .....	4
Sak 03 – 22/23: Orienteringar .....	5
Sak 04 – 23/24: Møteplan for Studentparlamentet 23/24 .....	5
Sak 05 – 23/24: Val av ordstyrar for Studentparlamentet 23-24 .....	6
Sak 06 – 23/24: Val av ny fagansvarleg .....	6
Sak 07 – 23/24: Suppleringsval, studentar til styret i SiVolda .....	6
Sak 08 – 23/24: Val av studentar til råd og utval ved HVO .....	7
Sak 09 – 23/24: SHoT-undersøkinga og første diskusjon arb.program .....	8
Sak 10 – 23/24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar .....	9
Sak 11 – 23/24: Eventuelt: gratis sanitærprodukt på HVO .....	10

## Sak 01 – 23/24: Konstituering av Studentparlamentet 23-24 og godkjenning av valresultat

### Namneopprop.

**Enkeltvedtak (samrøystes):** Severine Riise Eidem går inn som vara for Vivian Mjelve på dette møtet. 9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Godkjenning av valresultat og val av møteleiing

Nestleiar Ronda-Kristine Bekkevoll orienterte om nominasjonsperioden, valprosessen og valresultatet.

Valresultat for Studentparlamentet ved HVO 23-24:			
AHL – Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning			
Fast repr.	<b>Elisabeth Myrås Olsen</b>	1.vara	Severine Riise Eidem
Fast repr.	<b>Tuva Bergersen</b>	2.vara	
AKF – Avdeling for kulturfag			
Fast repr.	<b>Vivian Mjelve</b>	1.vara	
Fast repr.	<b>Aleksander Husby</b>	2.vara	
AMF – Avdeling for mediefag			
Fast repr.	<b>Åshild Moger</b>	1.vara	Steffen Savland
Fast repr.	<b>Karsten Quix</b>	2.vara	
ASH – Avdeling for samfunnsfag og historie			
Fast repr.	<b>Amalie Benberg</b>	1.vara	Jonas Mikal Tronsen
Fast repr.	<b>Desmond Sharukai</b>	2.vara	
Frie representantar (utjanningsmandat)			
Fast repr.	<b>Sander Franck Allman (AMF)</b>	1.vara	Lovise Andrea Valderhaug
Fast repr.	<b>Daniel Svindseth Pettersen (AMF)</b>	2.vara	
Fast repr.	<b>Sander Fredrik Nesvik Jensen (ASH)</b>	3.vara	

### Vedtak (samrøystes):

1. Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram. Lovise Andrea Valderhaug blir valt som 1. vara FRI.
2. Studentparlamentet vel Ammy Bolme som ordstyrar til dagens møte.
3. Studentparlamentet vel Veronica Bjørdal Sæternes og Ronda-Kristine Bekkevoll til teljekorps for dagens møte.

## Sak 02 – 23/24: 2.1. Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: ordstyrar

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 02 – 23/24: 2.2. Godkjenning av protokoll frå møte 26.04.23

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: ordstyrar

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 26.04.23.

## Sak 02 – 22/23: 2.3. Godkjenning av saksliste

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: ordstyrar

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 12.10.23</b>	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	01	Konstituering av Studentparlamentet 23-24	V	Nestleiar
	02	Godkjenning av innkalling, protokoll og saksliste	V	Ordstyrar
	03	Orienteringar	O	Leiar
	04	Møteplan for Studentparlamentet 23-4	V	Velferdsansvarleg
17.00	05	Val av ordstyrar for Studentparlamentet 23-24	V	Velferdsansvarleg
	06	Val av ny fagansvarleg	V	Nestleiar
	07	Val av medlemmar til styret i SiVolda	V	Leiar
17.20		Pause		
17.30	08	Val av studentrepresentantar til råd og utval ved HVO	V	Leiar
18.20		Pause	V	
18.30	09	SHoT-undersøkinga og første diskusjon, arbeidsprogram	D	Org.rådgjevar
19.00	10	Innspel til HVO sine investeringsmidlar	D	Velferdsansvarleg
19.15		Eventuelt		
19.30		Møtekritikk, møteslutt		

## Sak 03 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

---

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Leiar og nestleiar har vore på leiarsamling med UH-Nett Vest Studentråd i Bergen.
- Leiar og nestleiar reiser også til NSO si haustkonferanse i slutten av oktober.
- Internasjonalt ansvarleg har vore på haustkonferanse med SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond.
- Det blir bygt nye kontorlokale til Studentparlamentet ved Biblioteket.
- Det blir allmøte for tillitsvalde 24.10. kl 16-17.30.
- Det blir markering av verdsdagen for psykisk helse i kantina 18.10. kl 16-17.
- Velferdsgruppa inviterer Studentparlamentet til å vere med å arrangere Eksamensboost 2023. Infomail blir sendt ut, kjekt om fleire vil vere med!

## Sak 04 – 23/24: Møteplan for Studentparlamentet 23/24

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

---

**Vedtak (samrøystes):** Studentparlamentet sin møtekalender 2023-24

Møtestad: Rokken, konferanserommet

Oppstartsdag: Laurdag 07.10.23

Møte nr 1: torsdag 12.10.23

Møte nr 2: onsdag 01.11.23

Møte nr 3: onsdag 29.11.23

Juleavslutning fredag 08.12.23

Møte nr 4: onsdag 31.01.24

Møte nr 5: onsdag 28.02.24

Møte nr 6: onsdag 20.03.24

Møte nr 7: onsdag 24.04.24

Sommaravslutning: fredag 03.05.24

Overlappsseminar for av- og påtroppande AU: laurdag 04.05.24.

Møteplanen er også publisert [på nettsidene våre](#).

## Sak 05 – 23/24: Val av ordstyrar for Studentparlamentet 23-24

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

---

### **Vedtak (samrøystes):**

Studentparlamentet vel Andrine Kompen som fast ordstyrar for studieåret 23-24.

## Sak 06 – 23/24: Val av ny fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Nestleiar

---

Nestleiar orienterte om vervet som fagansvarleg før det vart opna for val.

**Desse stilte til val:** Amalie Benberg og Tuva Bergersen

Kandidatane introduserte seg sjølv gjennom ein valtale.

**Votering:** urneval

**Vedtak:** Tuva Bergersen vart vald til ny fagansvarleg i AU for studieåret 23-24. Verkeperiode frå møteslutt 12.10.23-30.04.24.

## Sak 07 – 23/24: Suppleringsval, studentar til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Leiar

---

### **Vedtak (smarøystes):**

Studentparlamentet vel Sindre Rabben Tronstad til styreleiar og fast medlem i Studentsamskipnaden i Volda.

1.vara: Maher Othman

2.vara: Severine Riise Eidem

3. vara: Jenny Nystad

## Sak 08 – 23/24: Val av studentar til råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Leiar

Organisasjonsrådgjevar presenterte kort dei ulike utvala før det vart opna for å stille til val.

**Votering:** urneval

### Vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval studentar til verva som følgjer:

Utval	Studentrepresentasjon	Desse stilte til val:	Desse vart valde
<b>Utdanningsutvalet</b>	2 faste og 2 vara Fagansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Severine Riise Eidem Daniel S. Pettersen Sander Fredrik Jensen	1. Fagansvarleg i AU 2. Daniel S. Pettersen Vara: 1. Severine Riise Eidem 2. Sander Fredrik Jensen
<b>Internasjonalt utval</b>	2 faste og 2 vara. Internasjonal ansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Karsten Quix Steffen Savland (1.v.) Severine Riise Eidem (2.v.)	1. Internasj. ansvarleg i AU 2. Karsten Quix Vara: 1. Steffen Savland 2. Severine Riise Eidem
<b>Læringsmiljøutvalet (LMU)</b>	4 faste og 4 vara. Velferdsansvarleg er fast representant. SP vel 3 faste representantar og 4 vara	Steffen Savland Ammy Bolme Maher Othman Tuva Bergersen (1.v.) Elisabeth Myrås Olsen (2.v.)	1. Velferdsansvarleg i AU 2. Ammy Bolme 3. Maher Othman 4. Steffen Savland Vara: 1. Tuva Bergersen 2. Elisabeth Myrås Olsen 3. 4.
<b>Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingstillingar (TUFO)</b>	2 faste og 2 vara Leiar er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Desmond Sharukai Tuva Bergersen (1. v) Veronica Bjørdal Sæternes (2. v)	1. Leiar i AU 2. Desmond Sharukai Vara: 1. Tuva Bergersen 2. Veronica Bjørdal Sæternes
<b>Nemnd for studentsaker (tidl. klagenemnda)</b>	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara - kjønnsbalanse - Ikkje overlapp med skikkanemnda	Daniel Svindseth Pettersen Joachim Selsbakk Hansen Ronda-Kristine Bekkevoll Ammy Bolme Steffen Savland	1. Daniel Svindseth Pettersen 2. Ronda-Kristine Bekkevoll Vara: 1. Ammy Bolme 2. Steffen Savland

<b>Skiknemnda</b>	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara - kjønnsbalanse - Ikkje overlapp med skiknemnda - barnevern, sosionom, bhg-lærer, lærar	Elisabeth Myrås Olsen Amalie Benberg Joachim Selsbakk Hansen Tuva (2. vara)	1. Joachim Selsbakk Hansen 2. Amalie Benberg Vara: 1. Elisabeth Myrås Olsen 2. Tuva Bergersen
<b>Forskningsutvalet</b>	2 faste og 2 vara. SP vel 2 faste representantar og 2 vara	Maher Othman Tuva Bergersen Daniel Svindseth (1.v) Elisabeth Myrås Olsen (2.v.)	1. Maher Othman 2. Tuva Bergersen Vara: 1. Daniel Svindset 2. Elisabeth Myrås Olsen
<b>Valstyret</b>	2 faste og 2 vara Informasjonsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Desmond Sharukai Steffen Savland (1.v.) Ammy Bolme (2.v.)	1. Informasjonsansvarleg i AU 2. Desmond Sharukai Vara: 1. Steffen Savland 2. Ammy Bolme
<b>Miljøfyrtårn, arbeidsgruppe</b> (første møte 24.10.)	1 student og 1 vara SP vel 1 student og 1 vara	Karsten Quix Steffen Savland (1.v.)	1. Karsten Quix Vara: 1. Steffen Savland

## Sak 09 – 23/24: SHoT-undersøkinga og første diskusjon arb.program

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframlegg: Organisasjonsrådgjevar

Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad innleia om SHoT-undersøkinga og arbeidsprogrammet før gruppearbeid med første innspelsrunde til arbeidsprogram for Studentparlamentet 23-24.

**Debatt og innspel:** Sjå eigen padlet.

AU vil arbeide vidare med innspela og leggje fram forslag til arbeidsplan på neste møte.

PP-presentasjon ligg tilgjengeleg på [nettsidene her](#).



## Sak 10 – 23/24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

---

Kvart år set høgskulen av midlar til nyinvesteringar på høgskuleområdet. Både avdelingane og Studentparlamentet har høve til å spele inn behov og ønske for kva som trengst av oppgraderingar på campus. Velferdsansvarleg la fram saka og orienterte om prosessen.

### Debatten:

- Umogleg å finne stikkontakt på mange klasserom, som Aasen-auditoriet
- Behov for fleire bord og møblement 1. etg. på biblioteket
- Ofte fullt på biblioteket, også i 2. etg.
- Få grupperom, treng fleire
- Dei nye møblane i fellesarealet 2. etg. BK fungerer ikkje så godt. Kunne fått inn eit sett til av dei største setta (6 eller 8-mannsgrupper), og flytte dei minste (2-manns) mot trappa.
- Biblioteket: aviskroken i gangen
- Har biblioteket slutta med nokre aviser?
- Ikkje nok sitjeplassar til alle på Uppheim på barnevern/sosionom. Studentar må sitje på benkar bakerst med pc på fanget, ser ikkje skjermen, 140 studentar. Vanskeleg å halde ut ein heil undervisningsdag der.
- Utemøblar, sitjeplassar viss/når det er sol. Lite anna enn utanfor mediebygget. Kunne vore meir!
- Biblioteket: skulle hatt hev/senk-pultar

### Til neste møte:

AU vil bearbeide innspela frå dagens møte, samt ta opp saka på allmøte for tillitsvalde 24.10., og leggje fram forslag til vedtak på neste parlamentsmøte.

## Sak 11 – 23/24: Eventuelt: gratis sanitærprodukt på HVO

Type sak: Diskusjonssak – gjort om til vedtakssak

Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg Maher Othman

---

Maher Othman tok opp sak om å få innført gratis sanitærprodukt på HVO, og argumenterte med at det er bra for kvinnehelse, økonomi og likestilling. Han viste til eksempel frå Universitetet i Bergen der Studentparlamentet har fått gjennomslag for dette, samt fleire internasjonale eksempel, og eksempel frå vidaregåande skular der dette er innført. Han skisserte at ordninga kan gjerat tilgjengeleg på toalett på lik linje med såpe og dopapir, og at det må inn i innkjøpsavtalane til HVO.

### Debatten:

- Spørsmål: kva kan det kome til å koste?
- Maher usikker på dette, men bedrifter har store innkjøpsavtalar som gjer at det truleg kostar mindre for dei enn det det kostar i daglegvarehandelen.
- Positiv til saka
- Høyrte ønske om det både frå internasjonale og norske studentar, har erfaring med det frå VGS eller skular i utlandet
- Innført mange stader i Storbritannia, offentlege toalett, skular. Vellukka.

Maher fremja forslag om å gjere dette til ei vedtakssak.

**Votering:** samrøystes at saka blir ei vedtakssak.

**Felles forslag til vedtak:** Studentparlamentet stiller seg positive til at AU jobbar vidare med sak om gratis sanitærprodukt på Høgskulen i Volda og at AU kan ta saka vidare til leiingsmøte.

**Votering:** samrøystes.

Møteslutt kl: 19.30

Møtekritikk etter formell møteslutt.